
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: fredag 30. august 2019 11:26
Til: 'Dan Helle'
Emne: SV: Flytebrygge prosjekt

Hei

Det er ikkje mogleg å seksjonere flytebrygger. Då kan du heller ikkje selje flytebryggene kvar for seg. Dette inneber at om ein skal ha flytebrygger må dette vere til utleige. Skal parkeringskravet oppfyllest slik du skisserer må din eigedom i så tilfelle ha tinglyst parkeringsrett på andre eigedomar/dei som skal leige. Eg kan ikkje sjå korleis du enkelt skal kunne løyse dette.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Dan Helle [<mailto:dfhelle@gmail.com>]
Sendt: onsdag 28. august 2019 13:56
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Re: Flytebrygge prosjekt

Hei Marianne,

Dersom jeg/vi klarer å sikre på forhånd avtaler fra kjøpere med tinglyst parkeringsrett på kjøpers eiendom i nærområdet, dvs beboere i Heiane ?
Årsaken er at jeg ønsker å gi et tilbud til folk i nærområdet.

Mvh
Dan Frode Helle

ons. 28. aug. 2019 kl. 07:31 skrev Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>:

Hei

Beklagar seint svar. Nei, kravet vil diverre ikkje vere oppfylt på den måten. Når det er gitt løyve til oppføring av ei flytebrygge har ikkje kommunen lenger kontroll over bruken. Vi må dermed sikre at det, uavhengig av brukar, er tilgjengelege parkeringsplassar.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar

Meland kommune

e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Dan Helle [mailto:dfhelle@gmail.com]

Sendt: tirsdag 13. august 2019 23:12

Til: Marianne Aadland Sandvik

Emne: Re: Flytebrygge prosjekt

Hei Marianne,

Jeg er nylig kommet hjem fra ferie.

Takk for grundig svar på min henvendelse vedrørende flytebrygge på 27/49.

Spørsmål:

Dersom tinglyst andelseier av bryggeplass knyttes til en bestemt nabo eiendom i n romr det, som en betingelse, med egen parkeringsplass, tenker jeg at parkeringskrav kan v re oppfylt? Dvs at jeg ikke kan selge til andre uten at parkeringsplass i n romr det er oppfylt?

Mvh

Dan Frode Helle

tirsdag 30. juli 2019 skrev Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>:

Hei

Kartet under viser at eiendomen din er sett av til landbruks-, natur- og friluftsm l (LNF) i kommuneplanen sin arealdel. Arealet i sj  er satt av til flytebrygger. Den gr , stipla, linja viser byggegrensa mot sj en:



Plassering av flytebrygge i arealet som er satt av til flytebrygger, er i samsvar med arealform let i sj .

Ettersom flytebrygga skal festast til landarealet, m  tiltaket ogs  vurderast mot arealform let p  land. Ei flytebrygge er ikkje i samsvar med arealform let LNF og vil dermed krevje dispensasjon fr  arealform let i kommuneplanen, jf. plan- og bygningsslova (pbl)   19-2 andre ledd.

Vidare er tiltaket tenkt plassert nærare sjøen enn den stipla linja som vist på kartet over. Linja markerer byggeforbodet i strandsona, jf. pbl § 1-8. Ettersom tiltaket er tenkt plassert i strid med byggeforbodet, vil det også krevje dispensasjon frå dette, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Føresegn 1.2.1 til KPA legg til grunn at småbåthamner/flytebrygger ikkje kan søkjast om før dei inngår i ein reguleringsplan. Kommunen kan gje fritak frå plankravet for flytebrygge med inntil 8 båtplassar, jf. føresegn 2.1.1 a) til KPA. Dette inneber at viss det er tenkt fleire enn 8 båtplassar, må det utarbeidast ein reguleringsplan. Alternativt må det søkjast om dispensasjon frå plankravet i KPA, jf. pbl § 19-2 andre ledd. Eg er ikkje kjent med at kommunen har gitt dispensasjon til dette tidlegare.

Føresegn 1.6.9, tab. 4, til KPA set i tillegg krav om 1 parkeringsplass for bil for kvar 3. båtplass. Dette inneber at viss det vert søkt om 8 båtplassar, må ein dokumentere at ein har 3 parkeringsplassar.

I tillegg må det sikrast privetrettsleg vegrett fram til eigedomen. Tiltak og søknad må også omfatte opparbeiding av ein forsvarleg tilkomstveg til flytebryggene. Etter det eg kan sjå på kartet er terrenget bratt.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar

Meland kommune

e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Dan Helle [mailto:dfhelle@gmail.com]
Sendt: tirsdag 23. juli 2019 13:31
Til: Anngunn Marie Gullbrå; Marianne Aadland Sandvik
Emne: Fwd: Flytebrygge prosjekt

Hei Marianne,

(Kopi Annbjørg)

Vedlagt en forenklet skisse over en tenkt flytebrygge.

Ansvarlig søker er etter planen min fhv leder av Alversund BetongBrygger as, Arne Bruknapp som er på ferie.

Adgang til bryggen blir et låst sikkerhetsgjerde med nøkkel til hver andelshaver.

Tomten søkes seksjonert der hver båt plass får sitt eget seksjons nummer.

I første omgang skal bryggene på plass, deretter formell seksjonering.

Med dette prosjektet vil ca 10 familier i nærområdet få adgang og glede av sjøen.

Vedlikehold fordeles andelsmessig etter brøk.

Tomten disponerer 2 parkeringsplasser like ovenfor veien. Hver kjøper skal ha sin egen parkering på egen tomt.

Mvh

Dan Frode Helle

Mobil 41666996
Hjemmelshaver gnr 27 bnr 49

----- Videresendt e-post -----

Fra: **dan** <dan@interonline.no>

Dato: tirsdag 23. juli 2019

Emne: Flytebrygge prosjekt

Til: dan@citar.no

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

--

Mvh
Dan Helle

--

Mvh
Dan Helle

--

Mvh
Dan Helle